



## Notat

Dato: 29.08.2018  
Arkivsak: 2018/13117-3  
Saksbehandlar: ingskei

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesordføraren

---

### Spørsmål om midlar til fylkesveggar

Representanten Roald Kvamme har stilt spørsmål om inntektene til Hordaland fylkeskommune og i kva grad inntektene gjev auka handlingsrom for fylkeskommunane.

Det er rett, slik det er nemnt i spørsmålet, at staten har lagt inn midlar til opprusting av fylkesveggar og til tunnelsikring i rammetilskotet til fylkeskommunane. Summane går fram av Berekningsteknisk dokumentasjon, tabell C, også kalla Grønt hefte.

Veksten i frie inntekter (skatt og rammetilskot) har likevel ikkje vore særleg stor for Hordaland fylkeskommune dei siste åra. Omrekna til faste prisar, var veksten frå 2016 til 2017 0,2 %. Om skatteinntektene blir som budsjettert i 2018, går det mot ein nedgang i inntektene på vel 1 %.

I Kommuneproposisjonen for 2019 er det ikkje varsla vekst for fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune vil venteleg få nedgang i dei frie inntektene.

Fylkeskommunen har fått gode bidrag frå staten til rassikring. Løyvingane til rassikring kjem som øyremerka statstilskot og er ikkje ein del av rammetilskotet til fylkeskommunane. Behova på dette området er likevel svært store, og det er enno mykje arbeid som står att å gjere.

I vedlegg til dette svaret, går dei talmessige utslaga fram.